



Midnattskonserten vert søndag 28. desember i Sandnes kyrkje.

*I år startar konserten noko tidlegare enn vanleg, nærare bestemt kl. 21.00.
Ferje frå Duesund kl. 20.30. Retur 22.40.*

Førehandsomtale og plakatar vert lagt ut på kommunen si nettside og i lokalavisene i veka før jul.

Du kan gle deg til ei heilt spesiell konsertoppleving!

Helsing Fjon ML m/ vener

Gudstenester

For oppdatert gudstenesteliste sjå også internett på
www.masfjorden.kommune.no/kyrkja/gudstenester
(Preiketekst for gudstenesta står i parentes)

Søndag 7.des. 2. SUNDAG I
ADVENT. (Luk. 21,25 33)
SANDNES KYRKJE kl. 11:00:
Gudsteneste v/ Knut Fr. Sør-
heim. Nattverd. Takkoffer til
IKO Kirkelig pedagogisk
senter. Kyrkjeskys

Søndag 21.des. 4. SUNDAG I
ADVENT. (Joh. 1,19 27)
GRANNEHEIMEN kl. 11:00:
Gudsteneste v/ Knut Fr. Sør-
heim. Takkoffer til Bergen Sønd-
agsskulekrins.

Onsdag 24.des. JULAFTAN. (Luk.
2,1 14)
FRØYSET KYRKJE kl. 14:00:
Julegudsteneste v/ Knut Fr. Sør-
heim. Takkoffer til Det Norske
Misjonsselskap

SOLHEIM KYRKJE kl. 16:15:
Julegudsteneste v/ Knut Fr. Sør-
heim. Takkoffer til Det Norske
Misjonsselskap.

Torsdag 25.des. 1. JULEDAG. (Joh.
1,1 14)
SANDNES KYRKJE kl. 12:00:
Høgtidsgudsteneste v/ Knut Fr.
Sørheim. Takkoffer til Det
Norske Misjonsselskap.
Kyrkjeskys

Fredag 26.des. 2. JULEDAG. (Matt.
10,17 22)
SOLHEIM KYRKJE kl. 11:00:
Høgtidsgudsteneste v/ Knut Fr.
Sørheim. Nattverd. Takkoffer til
Kristen Idrettskontakt KRIK.
Kyrkjeskys

Søndag 4.jan. KRISTI OPENBER-
RINGS DAG (Matt 2,1-12)
FRØYSET KYRKJE kl. 11:00:
Gudsteneste v/ Knut Fr. Sør-
heim. Nattverd. Takkoffer.
Søndagsskule under gudste-
nеста. Kyrkjerute.

Søndag 11.jan. 1.SØNDAG E.
KRISTI OPENBERRINGS DAG
(Matt 3,13-17)
SANDNES KYRKJE kl. 11:00:
Gudsteneste v/ Knut Fr. Sør-
heim. Nattverd. Takkoffer.
Kyrkjeskys.

Søndag 18.jan. 2.SØNDAG E.
KRISTI OPENBERRINGS DAG
(Joh 2,1-11)
SOLHEIM KYRKJE kl. 11:00:
Gudsteneste v/ Egil Opsal. Nat-
tverd. Kyrkjeskys.

Søndag 25.jan. 3.SØNDAG E.
KRISTI OPENBERRINGS DAG
(Matt 8,5-13)
FRØYSET KYRKJE kl. 11:00:
Familiegudsteneste v/ Knut Fr.
Sørheim. Barnas Misjonsdag.
Takkoffer til Det Norske Mis-
jonsselskap - Thailandprosjekt.
Kyrkjerute.

Søndag 1.febr.
VINGARDSSØNDAGEN (Matt
20,1-16)
SANDNES KYRKJE kl. 11:00:
Gudsteneste v/ Egil Opsal. Tak-
koffer. Kyrkjeskys.

Søndag 8.febr.
SÅMANNSSØNDAGEN (Luk
8,4-15)

SOLHEIM KYRKJE kl. 11:00:
Familiegudsteneste v/ Knut Fr.
Sørheim. Barnas Misjonsdag.
Takkoffer til Det Norske Mis-
jonsselskap - Thailandprosjekt.
Kyrkjeskys.
SANDNES KYRKJE kl. 16:30:
Familiegudsteneste v/ Knut Fr.
Sørheim. Barnas Misjonsdag.
Takkoffer til Det Norske Mis-
jonsselskap - Thailandprosjekt.
Kyrkjeskys.

Kyrkjerute Frøyset

Dei som ynskjer skyss til Frøyset kyrkje (til gudstenester merka 'Kyrkjerute'), må seinast (laur) dagen før tinga skyss på tlf 56 36 71 10. Prisen er kr 50,- tur/retur.

Kyrkjeskys Sandnes og Solheim

Når gudstenestene er merka med 'Kyrkjeskys' går der privatbilar som tek med passasjerar som ventar etter vegen. Skyssen er organisert av Frivillighetsentralen og ein betalar kr 50 tur/retur. Bur du ein stad kyrkjeskysen ikkje går forbi, kan du ringja på førehand og bestilla skyss. Ring Gunvor Fyllingsnes – tlf 56 35 32 55 / 950 41 037. Tidsplan for kyrkjeskysen:

Sandnes:
Frå S.Kvinge kl 10.25
Frå Mjanger kl 10.35
Frå Andvik
(snuplass ved fabrikk) kl 10.30
Solheim:
Frå Kjetland bru kl 10.15
Frå Matre kai kl 10.30
Frå Haugsvær (butikken) kl 10.40

PROSTIET SIN KYRKJEFEST 2009

Prostirådet arrangerer ny Kyrkjefest for prostiet på Nordhordland Folkehøgskule søndag 15. februar 2009 kl. 12.00 – 17.00.

Kyrkjefesten denne gongen vil ha gudstenesta i fokus, både gjen-

nom foredrag og ulike seminar.

Det vert ikkje gudsteneste i lokalkyrkjelydane denne søndagen, men kyrkjefesten vert avslutta med ei prostigudsteneste i storstova på folkehøgskulen.

Set av dagen til kyrkjefest 15. februar alt no! Detaljprogram vil verta kunngjort og spreidd seinare. Og prostirådet ynskjer alle vel møtt til ein dag med inspirasjon fellesskap og glede.

Juletankar

Jula nærmar seg, julesongar og juleminne kjem fram att i tankane. Ein av dei songane som ofte tonar inne i meg er "Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderum". Her kling ord og tonar så godt saman. Og minna frå mi barndoms jul kjem så nær og vert så levande.

Det var oftast jul med snø. Eg hugsar at eg stundom stod ved vindauga og såg snøen fall stilt og tett.

Og når ein då stod slik og såg, vart det ikkje snøen som fall, men eg sjølv letta og for oppover.

I slike høve kom nokre ord frå ein av Ivar Aasen sine salmar fram i tankane. Dei lydde slik:



*"Seg, er der vel ein stad ein ende på?
Og kva er so utanfor enden då?"*

Slik kunne eg som barn fantasera. Seinare, i vaksen alder, vart dette til desse verselinene:

*"Så stilt frå skya dalar ned dei lette snøhorn små,
og tett seg legg på berg og tre, på tue, mark og strå.*

*No bygda under snø vert lagt. Alt grått og trist vert kvitt.
Han kler då alt i helgedrakt med dette teppet sitt.*

*Han skaper liksom bygda ny. Tenk kor det saman fell
med hendinga i Davids by den første julekveld.*

*Du står og ser dei lette fjom, og tankane dei fer
Til vesle gut i krubberom. Din frelsarmann han er."*

I dette ligg kjernen i kristendomen. Me treng ein frelsarmann. Det var bakgrunnen for at Jesus kom til jord. Dette som profetane hadde spådd om.

Det fins mange Messiasprofetiar. Ein av desse finn me i Daniel 7,13. Der står det mellom anna "Sjå, med himmelens skyer kom det ein som var lik ein menneskeson."

Og så kunne englane lova Gud og kvad: "Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i."

Korleis kan me få tak i denne freden? I Jesaja 1,18 står det:

"Kom lat oss gjera opp vår sak! seier Herren. Om syndene dykkar er som purpur, skal dei verta kvite som snø, om dei er raude som skarlak, skal dei verta kvite som ull."

Her er løyndomen. Me kan omskriva det i fylgjande:

*"Når du Gud meg synda går, og allting han fortel.
Då barnekår hjå Gud du får. Då snør det i di sjel."*

Det vert ikkje stilt noko krav. Det er berre å tru det. Her vil eg forma det slik:

*"Det berre gjeld på Jesus tru, så er det heile gjort.
For Jesus er di himmelbru. Han synda di tek bort."*

Lat så dei kjende julesongane klinga. Gjennom dei veks trua, freden, glæda og kvila.

God Jul!

Jon Hope

Døyppte

Saman med kyrkjelyden vår og heile vår kyrkje får de del i eit heilagt ansvar: Å be for barnet, læra det sjølv å be, hjelpa det til å bruka Guds ord og Herrens nattverd, for at det kan verta verande hjå Kristus når det veks opp.

16.11 Noah Andreas Meyer Sleire
Janina Therese Meyer og Trond Inge Solaat Sleire.
Fadrar: Anne Britt Steinsland Meyer, Arild Sleire,
Chris Martin Meyer, Lene Hansen Kvamsdal,
Thure Morten Meyer

23.11 Olai Haveland Molland
Merete Haveland og Stein Oskar Molland.
Fadrar: Andreas Haveland, Anne Beate Rambjørg,
Jarle Myklebust, Solveig Kristine Haveland

01.11 Åsmund Kjetland og Silje Vågseth

Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og vonde dagar set sin lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.

Avlidne

18.11 Marta Solstrand f. 1923

28.11 Sølvi Skjelanger f. 1936

Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje dø.

Fellesmøte på Fjon fjellkyrkje

Som det vart meldt i sist nummer av Masfjordingen har Indremisjonen i Masfjorden starta opp med fellesmøte på Fjon Fjellkyrkje ein torsdag i månaden. Det er inspirerende å samlast frå fleire bygder saman. Det er kjekt å møta kvarandre, dela åndeleg og sosialt fellesskap. Dagane for fellesmøta neste halvår er på plass. Me tek datoane med alt no slik at du kan få dei på plass i kalendaren.

- * Torsdag 19.februar Talar: Glenn Nord-Varhaug
- * Torsdag 19.mars Talar: Eldbjørg Terkelsen
- * Søndag 19.april. Vårfest. Talar: Reidun Skurtveit
- * Torsdag 14.mai Talar: Paul Odland

Alle samlingane vert på Fjon Fjellkyrkje.

Gunvor

Kurskveld i besøkstenesta

Styret for Frivillighetssentralen har i lengre tid planlagt å ha eit kurs i besøkstenesta for personar som kunne vera interessert i å vera med på ei slik samling.

Me trur at det kan vera trong for å prøva å gjera noko for å få ei meir oppgåande besøksteneste. Ein del personar har sagt ja til å vera med i besøkstenesta, men har ikkje kome heilt i gang endå. Andre har ikkje noko oppdrag akkurat no. Me ynskjer å hjelpa kvarandre i gong og inspirera kvarandre til eit viktig arbeid.

No er dagen setla: Tysdag 24.februar i Indrefjorden. Me får med oss Ingeborg Fauskanger som til dagleg arbeidar på Diakonissehjemmet Haraldsplass.

Det kjem meir info etter jul.

Gunvor

Nye ordningar ved soknerådsvalet i 2009

2009 er valår, der stortingsvalet sjølvstøtt har det store fokus. Men stortingsvalet er ikkje det einaste. Samme år som vi har stortingsval, har vi også val på dei kyrkjelege styringsorgana, sokneråd, bispedømeråd og kyrkjemøtet.

Ved kyrkjemøtet som vart halde i november, vart nokre viktige endringar for desse vala vedtekne. Det viktigaste målet med desse endringane er å styrkja det kyrkjelege demokratiet. Kort kan dei oppsummerast slik:

- I alle sokn skal valet haldast på same dag som stortingsvalet – mandag 14.september – i lokale som soknerådet vedtek. (Soknerådet kan vedta at også søndagen 13.sept. skal vera valdag.)
- Røysterettsalder vert sett ned til 15 år – men ein må framleis vera 18 for å kunne veljast.
- Valperioden ved dette valet vert 2 år. Dette er fordi ein ynskjer å endra rytme og prøva ut korleis det vil fungera å ha soknerådsvalet same år som kommunestyreval og fylkestingsval.
- Det nye soknerådet skal tre i funksjon alt frå 1.oktober 2009, og nytt kyrkjeleg fellesråd frå 1.november.
- Nokre av medlemene til bispedømerådet i Bjørgvin skal veljast ved direkteval same valdagen.

Desse endringane er under forutsetnad av godkjenning av ei Stortingsproposisjon som skal handsamast i mars 2009, men det er venta at Stortinget vil følgja opp Kyrkjemøtet sitt vedtak.

Det viktigaste grunnlaget for valet vert likevel gjort lokalt, i den nominasjonsprosessen som avgjer kven som skal vera med på vallistene. På grunn av den korte tida fram til valet, vil dette arbeidet måtta ta til alt i løpet av februar med frist for innlevering av listeframlegg midt i mai.

I denne prosessen er det av stor verdi at mange tek del. Det beste du kan gjera for å bidra til ei god leiing av kyrkja sitt arbeid dei neste to åra, er å gje gode forslag til kven som bør stå på lista ved det komande valet. Og på lista vil der vera trong for personar i ulike aldrar som er villige til å bruka tid og krefter på å følgja opp kyrkja sitt oppdrag på best mogeleg måte. Den vidare utviklinga av kyrkja er av dei viktigaste ting som skjer i samfunnet vårt!



Frivillighetssentralen

når ein på tlf. 56 16 62 62
56 35 32 55 / 950 41 037

Julefavorittar på orgelkrakken

Den som sit på orgelkrakken og gjev oss alle dei vakre juletonane, må i stor grad berre spela det som andre har valt ut. Men – om organisten sjølv fekk velja, kva ville han eller ho velja? Vi har gjeve utfordringa til dei fire som har stått for det meste av både juletonar og andre tonar dei siste 20-25 åra ved kyrkjene våre i Masfjorden:

Gunvald Reknes:

”Min” jolesong.

For lang tid attende sat ein mann og var svært trist. Han var organist og orgelet i kyrkja var ubrukeleg, og det no det lei til jol.

Presten kom gåande, leverte eit ark der det var skreve ein song. ”Kan du, Frans, laga melodi til denne?” Frans tok gitaren sin og etter kvart forma han ein melodi.

Kyrkja var fullsett til jolegudstene. Orgelet var stille, men frå galleriet kom reine, klåre gitartonar. Noko så vakkert og fullkome hadde dei ikkje høyrte før. ”Stille natt” var det dei høyrde.

For 10-15 år sidan sat eg og lytta til jolekonsert i TV. Det var joletonar frå heile verda. Konserten var slutt. Dirigent og solistar trekte seg tilbake, men forsamlinga berre klappa vilt i hendene. Solistane kom inn att, dirigenten og. Han snudde seg mot salen og sa: ”Stille natt ...” Det var Wiens byorkester og kor med solistar som framførde juleevangeliet i ord og tonar på ein måte så eg såg alt for meg slik det er skreve av Lukas.

Ei velsigna julehøgtid ynskjer Gunvald dykk.

Anna Rubach:

Jeg har tenkt mye på hva julesang som er den beste for meg. Som kantor spiller og hører jeg veldig mange julesanger.

Men jeg tror jeg må si at ”Deilig er jorden” er den som har satt dypeste spor i meg.

Jeg hørte og lærte den julesangen rett etter jeg kom til Norge. I januar blir det 17 år siden. Den er veldig harmonisk og melodios vakker. Jeg får gåsehud når den synges.

Dess oftere jeg hører den, dess mer går innholdet i denne sangen opp for meg.

Her i Ski, hvor jeg er kantor nå, brukes denne sangen hele året. Den blir veldig ofte sunget i begravelser. Jeg liker at en så fin sang brukes oftere enn bare i julen.

Anne Merethe Reknes:

Eg syns det er vanskeleg å plukke ut ein spesiell favorittjulesong, for det fins så mykje fint både av tekstar og melodiar. Om eg skal velje ein favoritt må det verte ”Mitt hjerte alltid vanker”. Den er roleg og harmonisk, og har nydeleg tekst

Det vert heller aldri skikkelig jul utan ”Deilig er jorden”. Det er ei heilt magisk stemning når denne salmen vert brukt som avslutning på konsertar og liknande i juletida

Ein av mine ”nyaste” favorittar må vere songen ”Julenatt” som er skreve av Charles Lyngaas, der dei to første versa lyder slik (med mi eiga omsetjing til nynorsk):

*Å, sjå det skjøne juletre
som midt i blant oss står.
Ein bodskap om ein evig fred
rundt heile jorda går.
Kom, ta mi hand, så tar eg di,
og du skal vete at –
vi knyter no eit vennskapsband
i denne julenatt.*

*Og stjerna høgt i treets topp
skal vere vårt symbol,
den glade song om Herrens bod,
skal lyse som ei sol.
Når klokka ringer jula inn,
då skal du vete at –
ein barnesong vert fredens song
i denne julenatt.*

Trond Fykse:

Min julesong er ikkje berre ein, men mange. Og kanskje kjenner du det nett slik du og, det er vanskeleg å velga ein favoritt? Men då eg bladde gjennom salmeboka mi vart eg denne gong vèrande med denne: ”Kling no klokka”. Elias Blix har skrive teksten og den nydelege melodien i moll er ein folketonevariant frå Oppdal.

Kvar julafta er eg ute og spelar Masfjorden rundt. Etter den siste gudstene på Solheim køyrer eg heim att over Romarheimsdalen og til Stranda. På denne turen er det alltid eit spesielt program på radioen. Eg får høyra klangen av klokker frå kyrkjer over det ganske land, og innimellom klokkeklang tonar vakker julemusikk.

Og kva er klokkene sin misjon? Svaret finn du i salmens fyrste vers:

*”Kling no, klokka! Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!
Tona om frelsa! Kalla og helsa,
kalla og helsa med fred Guds born.
”Kling no, klokka! Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!”*

Og i siste vers munnar det ut slik:

*”Sjå, det dagast, snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!
Då skal oss klokka leikande lokka,
leikande lokka til helg i sky.
”Sjå, det dagast, snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!”*

Så når du hører kyrkjeklokkene anten det er i kvardag, høgtid eller fest, så er det deg dei ringer for. Ein invitasjon til deg om å koma. Den fyrste julenatt skjedde eit stort under: Gud vart menneske. Han tok bustad mellom oss i sonen sin Jesus Kristus. Men underet skal skje på ny. I Johannes openbering les vi om ein ny himmel og ei ny jord. Då skal Jesus igjen ta synleg bustad hjå oss. Jesus kom, Jesus er her ved Den Heilage Ande, og han kjem attende for å ta til seg alle som trur på han.

Ein glad og grensesprengande bodskap ventar deg. Lar du deg lokke av klokkene?



NYTT FRA "KIRKESENTERET I MUKDAHAN"

UTG. 4, 2008

Kjære lagspillere


På nytt kommer det et nyhetsbrev fra prosjektet "Kirkesenteret i Mukdahan". Vi anser deg som nå leser disse linjene som viktige i arbeidet vårt. Gode lagspillere i Norge er helt avgjørende. Sammen er vi sterke.



Hvem sin menighet er det? Dette spørsmålet har vi stilt medlemmene i menighetene her ofte.

Alle vet at menigheten tilhører Gud, de fleste vil også si at presten er en sterk eier av menigheten, men hva med resten? Det var aldri tanken at menigheten skulle tilhøre noen få sterke personligheter. Som elskede og utrustede menighetsmedlemmer, skal alle ha det privilegium å "eie" sin menighet. I et godt samspill mellom prest og menighetsmedlem vil menigheten bli sterk og virkekraftig.

I dette nyhetsbrevet gleder vi oss over "Impuls Thailand", samt ser kort på strategien vår.



Vinne, grunnfeste, disippelgjøre og sende

Kirkesenteret i Mukdahan vil hjelpe de lokale menighetene til at flest mulig skal erfare Jesus som Herre og frelser. Når nye blir vinnet for Jesus, får de del i et felles ansvar om å bidra til at menigheten vokser og nye blir kristne. Men det er en stor barriere for mange i denne unge thailandske kirken å vitne for andre og selv å ta ansvar i menigheten.

Skal det stå fram aktive lekfolk, har vi tro for at de må bli grunnfestet og disippelgjort. Dette er to bærebjelker i dette lekmannsprosjektet. Vi ønsker at den enkelte skal bli trygg og grunnfestet i sin egen tro. Tjenesten i Guds rike starter ved at Gud får elske oss. Deretter skal alle få hjelp til å leve et frimodig liv som disipler av Jesus og tjene med sine nådegaver. Og slik bli sendt ut til tjeneste for menigheten og sin neste. Senteret i Mukdahan ønsker å hjelpe menighetene med å grunnfeste og disippelgjøre lekfolk som kan bli sendt ut og for å vinne nye. Vær med å be om dette skal skje.

Impuls i Thailand

Det har lenge vært en drøm å se mange ungdommer i Thailand komme sammen i tilbedelse og fellesskap. Denne drømmen ble virkelighet i oktober da prosjektet vi arbeider i arrangerte ungdomskonferansen Impuls i samarbeid med Impuls Norge og NMS U.


I etterkant er det mange høydepunkt å se tilbake på: Dagen da det veltet 21 nordmenn ut av nattbussen fra Bangkok, samtlige 150% positive og klare til å tjenestegjøre. Første konferansedag da 300 ungdommer var samlet, for første gang i historien til den lutherske kirken i Thailand, og mange tok imot Jesus for første gang. Lørdag kveld da samtlige medarbeidere og deltagere ble bedt for gjennom en lang bønnetunnel og vår gode venn og språklærer ble kristen. Søndag morgen, da ingen ville gå og både lovsang og forbønn varte og rakk. Noen vitnet om helbredelser og barnehagelæreren til barna våre tok imot Jesus.



Vi ønsker at Impuls skal være til glede og fornyelse inn i det eksisterende ungdomsarbeidet her. På Impuls ble mange ungdomsledere fra hele landet involvert. Vi håper å få bidra til å utruste disse ungdomslederne i tiden som kommer.

Biletet nedunder er henta på internett - nærare bestemt på <http://www.westcoastpeaks.com> . Her finnest det gode bilete av og mykje interessant informasjon - på engelsk - om fjella i Masfjorden. Bileta syner at det ikkje kan vere enkelt å byggje ut breiband i kommunen vår.

Hosteland, Nov 19 2005, Arnt Fjell
Sjølvsagt - Gudbrandsfjell ridge seen from Håkonskallen



Lokalsamfunns- utvikling Hosteland

Masfjorden kommune er med i eit nasjonalt pilotprosjekt kalla Livskraftige kommunar. Hovudmålet er å auke folketallet. Det blir arbeidd for dette gjennom ni delprosjekt. Desse delprosjekta er alt frå bustadbygging, ungdom og kultur, næringsutvikling, samferdselstiltak, samt tre lokalsamfunns-utviklingstiltak; på Matre, Sandnes og Hosteland.

Alle delprosjekta har arbeidsgruppe som har eit særleg ansvar for å drive prosessen fram. Dei som er med i arbeidsgruppa for Hosteland er: Vigdis Søvik, Kjell Løvik, Marianne Ulvatn, Erlend Kvamsdal, Kjersti Furnes Soltvedt og Liv Oda Dale.

I Hostelandsprosjektet er vi no komne så langt at vi har inngått avtale med Norconsult AS, som skal bistå oss i arbeidet med å "planlegge framtida" for Hosteland. For at alle skal kunne kome med innspel i prosessen og få fram sine ynskje og synspunkt på korleis de vil at bygda vår skal utvikle seg, blir det invitert til to folkemøte/kafemøte i tida framover.

Første møte blir i januar -09. Dato er ikkje fastsett enda, men vil bli kunngjort ved oppslag og annonsert på kommunen sine heimesider så snart vi veit dette.

Vi håpar at mange vil ta del i prosessen.

Arbeidsgruppa

Breiband og "kvite flekkar"

Mange stader i landet er topografien slik at breibandutbygging vert svært komplisert og kostbart. I Masfjorden var vi i høve slike utfordringar tidleg ute med å få klargjort telefonsentralane for såkalla ADSL-kommunikasjon (breiband).

To av dei fem telefonsentralane i kommunen (Sandnes og Hosteland) vart klargjorde for ADSL i 2004/2005 som ein del av fellesprosjektet SING (Samarbeidsprosjektet i Nordhordland og Gulen) i Regionrådet sin regi. Då det seinare vart lagt optisk fiberkabel mellom dei kommunale einingane (kommunehuset, skulane, barnehagane, helsetunet, sjukeheimen og heimetenesene), vart kabelen også nytta som utgangspunkt for å få breiband via antenner for radiosaamband på Ådnekvamsholmen og Solheimneset. Samstundes vart dei resterande 3 telefonsentralane, som ikkje Telenor hadde planar om å gjera noko med (Kvingo, Trodal og Risnes), rusta opp med ADSL-tilbod gjennom eit kommunalt prosjekt. Alle sentralane har difor hatt tilbod om breiband via ADSL-samband sidan tidleg i 2006.

Problemet har vore at dette ikkje "når fram" til alle, og det har seinare vore arbeidd med å få på plass løysingar som også dekkar dei områda som ikkje vart dekkja i første fase. Slike løysingar er dyre, - som i så mange andre situasjonar er det gjerne slik at å løysa dei siste prosentane utgjer det meste av totalkostnadane. Masfjorden

kommune har søkt om eksterne midlar saman med svært mange andre kommunar for å kunne dekkja såkalla "kvite flekkar". I 2006 fekk vi avslag, - ein vesentleg grunn var at vi alt hadde god dekning samanlikna med andre kommunar. I 2007 fekk vi eit tilsagn som det er bevilga tilsvarande kommunal eigenandel til, og det er gjort avtalar som skal dekkja minst 99% av husstandane.

Det har tatt lenger tid enn forventa i heile Nordhordland å få løysingane igangsette. I Masfjorden er mastene som skal gi dekning for området Birkeland-Kvamsdal-Sleire klare for helikoptertransport, og det har alt vore eit par utsetjingar på grunn av veret. Monteringa startar straks transporten er gjennomført, og planen er å ha antennene i drift kort tid etter at dei er på plass, - på denne tida av året litt avhengig av vær- og føretilhøva. Som ein del av utbygginga i dette området vil det verta plassert ei ekstra mast for å dekkja området ved Gunnarbuøyra.

Det skal plasserast ei antenne også på Duesundfjellet (i eksisterande mast). Her er det i desse dagar gitt dei naudsynte klareringane frå Telenor, og det er bestilt utstyr og montering. For løysinga som skal gje Indre Haugsdal breibandtilbod opp heile dalen ventar ein på klarering frå Telenor for å kunna setja i gang.

Det vert lagt informasjon ut på heimesida etterkvart som løysingane er på plass i dei aktuelle områda.

Tekst: Håkon Matre

Bestemors historie

Tre år gamle Martha har ingen mor eller far, men hun er likevel heldig. Hun har bestemor.

Tekst og foto: Anette Os

Det er grytidlig og solen har ennå ikke stått opp, men ute i åkeren er bestemor Peris (66) i full gang med å plante. Jorden er knusktørr, og bestemor står barføtt mens hun jobber. Hun tørker svetten i pannen. På ryggen har hun lille Martha, som klamrer seg fast til bestemors kropp. De to er tett knyttet til hverandre. Marthas mor forlot henne mens hun bare var et spedbarn og ingen vet hvor faren hennes er. Nå har hun bare bestemor.

Den aldrende, men sterke kvinnen har påtatt seg ansvaret for åtte små, foreldreløse barn. Noen av dem er Peris barnebarn, men ikke alle. En ting har de likevel til felles: Det er bestemor som gjør at verden fremdeles henger sammen. Det er hennes kjærlighet som gjør at familien enn så lenge har nok mat.

Tørken har ført til matmangel i de små, enkle hyttene på landsbygda i Kenya. Klimaendringer har gjort det vanskelig for mange. Regnet kommer ikke som det pleier, avlingene dør og man får ikke solgt planter på markedet. Inntektene skrumper inn, og det er en kamp for å få nok mat.

- Mitt høyeste ønske er at barna ikke skal gå sultne til sengs. Jeg lurar på når tiden kommer, når et barn vil dø i mitt hus, sier Peris.

Bestemoren drømmer om en lettere hverdag. Om regn. Om å få selge plantene på markedet. Men mest av alt drømmer hun om nok mat til barna, og penger til å betale skolepenger. Store drømmer er det ikke rom for, alt handler om overlevelse.

- Jeg gråter mye. Hvor er regnet? Når det ikke kommer, får jeg ikke solgt plantene fra avlingen. Jeg har ikke råd til å betale skolepengene for barna og jeg har ikke råd til mat. Men jeg deler det lille jeg har, og stoler på at Gud betaler meg



tilbake en dag, sier Peris og smiler.

Kirkens Nødhjelp støtter en lokal organisasjon som satser på jatropplanter som brukes til å lage biodiesel. Planten ødelegges ikke av dyr og trenger heller ikke mye vann, og er noe familien kan klare seg med selv uten regn. Således er den ideell i områder hvor matproduksjon ikke er mulig på grunn av ustabil klima.

Huset hvor bestemoren og de åtte barna bor er ikke stort, men det er rent. Gårdsplassen er feid og eiendommen er beskyttet av et

gjerde av busker. Barna melker de syv geitene og passer på hønene. De henter vann fra brønnen og hjelper til i huset. De små barna jobber mens de har mindre barn på ryggen. Men det er ikke bare jobb og alvor. Et øyeblikk arbeider de hardt, et annet erter de hverandre, springer rundt og rundt huset og de leker med hverandre. Ler og kniser. Lille Martha liker å tvinne på skjerfet som bestemor har på hodet. Det er så mykt. Eller flette fingrene inn i bestemors varme, skrukkete hender.

- Barna holder meg ung. Hjertet er bekymret, for det hjelper ingen. mitt føles lettere, og de gjør meg Etter en lang dags arbeid er jeg lykkelig. Jeg viser aldri barna at jeg så sliten at jeg glemmer å tenke



på alle problemene våre, og jeg sover som et barn om natten, sier Peris og smiler, mens hun holder rundt Martha som sitter på bestemors fang.

Sammen sitter den lille familien rundt det store bålet på gårdsplassen. Til tross for en hverdag preget av hardt arbeid og slit, er stemningen i den lille familien humørfyllt. Barna lytter med store øyne når bestemor Peris forteller historier. Om den gangen hun møtte en løve i skogen, en løve som sparte livet hennes. Ordene hennes er fulle av skjult kunnskap og erfaringer. De minste barna får seg et bad, før de må legge seg. Den gamles kjærlyhet gjør at familien fortsetter å drømme – om å få nok mat, om å få seg en utdanning, bli doktor eller sjåfør. De har et håp.

Kollekten på julekonsertane til Kirkens Nødhjelp

Kollektane på julekonsertane går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid for ei rettferdig verd.

For fattige i Kenya og mange andre land er ikkje klimaendringane noko som kjem til å ramme dei ein gong i framtida. Klimaendringane rammar no og dei rammar kraftig. I krybba i Betlehem skin Guds kjærleik til oss, og gir oss visjonen om Guds omsorg for alt det skapte. Denne jula kan du vere med å setja bodskapen frå Betlehem ut i livet ved å stå saman med enkeltmenneske og lokalsamfunn som kvar einaste dag er med i kampen mot fattigdom og klimaendringar. Er du med?

Kirkens Nødhjelp takkar for gåva.

Gåver kan også gjevast på gåve-telefonen til Kirkens Nødhjelp: 820 43 033 (100 kroner)



Julekonsertar i Mastfjorden Jula 2008




Laurdag 13.12. kl. 18.00 i Sandnes kyrkje

Sundag 14.12. kl. 15.00 i Solheim kyrkje

Sundag 14.12. kl. 18.00 i Frøyset kyrkje

Kor, korps, organist og kulturskuleelevar deltek.

Velkommen!



Auka aktivitet i Frøsetvågen skyttarlag

Skyttarlaget hadde fyrste sesong med nye elektroniske skiver på innandørsbana sist vinter. Bana på skulen på Hosteland har 4 skiver. Tilbodet engasjerer langt fleire unge etter at dei nye skivene kom i bruk. I vinter var 22 aspirantar med, mot 10 året før. Dette gjev oss god motivasjon til vidare arbeid.

100 metersbana vart oppgradert i 2006. 200 m-bana er og nesten ferdig. Arbeidet skaut fart etter at me fekk tippemidlar i 2007. Det gjenstår no berre skivehus over grava og litt snikkararbeid på standplass. Der skal m.a. lagast eit kontor. Me har von om oppstart 1. mai 2009. Denne bana er viktig for vidare utvikling i seniorklassane og for å kunna arrangera konkurransar innan samlag og krins.



Totalt medlemstal i laget har auka frå 90 i 2007 til 110 no i år. Dei fleste er jegerar, men som sagt er det ein gledeleg auke i yngre klassar.

Skyttarlaget rettar stor takk til alle verksemdar og private som har bidratt med pengar og dugnadsinnsats til å oppgradera anlegget vårt.

Tekst: Gjermund Halsvik/Alf Strand

Frøsetvågen skyttarlag 100 år

Frøsetvågen skyttarlag er 100 år, og dette vil me markera med jubileumsfest på nyåret. Har de bilete, tekstar, resultatliste o.l som kan lånast vekk til utstilling

på jubileumsfesten? Ta i så fall kontakt med Normann Sleire tlf. 56367387 eller Tove Kristin Sleire Tistel tlf. 56367368.

Tekst: Tove Kristin Sleire Tistel

Miniaturskytebana på Sandnes tek form

Fyrste byggesteg på miniaturskytebana i kjellaren på Sandnes skule nærmar seg fullføring. Mykje av arbeidet er gjort på dugnad.

Då Fjon skyttarlag i 2007 søkte om spelemidlar til anlegget, budsjetterte dei med 20000 i dugnadsinnsats. I skrivande stund har talet på dugnadstimar passert 700. Med ein timepris på kr 150 vil det seia at det har vore gjort dugnad for 105000 kr! Eit par av karane har mange dugnadstimar bak seg, for å seia det forsiktig.

Sjølve bana har standardmål med avstand på 15 m frå standplass til skivene. Det er breidde nok til 5 skiver. Det er også laga eit opphaldsrom i bakkant av standplass. Dugnadsgjengen har murt opp ein 20 m lang vegg som skil skytebana frå resten av kjellaren. Det er støypt golv og sett opp ein skiljevegg. All ventilasjon ligg i golvet. Dei siste vekene har gått til å mala vegger. Når alt



anna arbeid er avslutta, skal også betonggolvet malast.

No håper skyttarlaget på at bana skal bli godkjend slik at fyrste skot kan sendast mot skivene før 2008 er omme.

Elektroniske skiver er ikkje med i

fyrste byggesteg. Men alt grunnlag-sarbeidet er gjort, slik at slike skiver kan monterast når ein har økonomi til det. Primus motor for arbeidet på skytebana, Frode Torsvik, fortel at skyttarlaget vil søkja om spelemidlar til elektroniske skiver i 2009.

Tekst og foto: Alf Strand

Stor oppslutning om hjortekurs

Landbrukskontoret inviterte til eit 4 timars kurs i slaktning og partering av hjort i indrefjorden laurdag 22.nov.2008. Kurset vart halde hos Olav Kåre Tverberg som er gardbrukar, jeger og har langerfaring med jakt. Det møtte 28 stk totalt, noko som må seiast å vera særst bra. Dette var eit nyttig kurs på eit fagleg høgt nivå.

For å syna heile prosessen frå dyret blir skoten til den er ferdig pakka hadde me invitert dagleg leiar ved Norsk hjortesenter på Svanøy, Johan Trygve Solheim. Han forklarte alt som

er turvande å vita for ei optimal utnytting av slaktet og kva som er viktig for best mogeleg kvalitet. Deltakarane kunne også få kjøpa boka "Frå hale til hode" som han har skrive. Mange spanande og nye oppskrifter i ei framifrå bok gjorde fart på salet.

Det vart servert varm suppe og kaffi til alle, og det var berre lovord frå deltakarane. Landbrukskontoret tek gjerne initiativ til liknande kurs.

Tekst og foto: Ottar Myrteveit



Lærer lindrande behandling

27. og 28 oktober 08 arrangerte Masfjorden sjukeheim, ved omsorgs-avdelinga, kurs i lindrande behandling med symptomlindring som hovudfokus. Kurset var for alle i pleie- og omsorg, og var difor fordelt på to like dagar slik at det skulle vera mogleg for alle å delta. Det vart eit flott oppmøte, der om lag 55 av dei tilsette i pleie- og omsorg deltok.

Kurset var eit samarbeid mellom Masfjorden Kommune, Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest og kommunelegane.

Masfjorden kommune er med i nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Bergen. Målet med nettverket er å heve kompetansen til dei tilsette og utarbeide gode system



og rutinar for samhandling internt i kommunen og mellom kommunen og spesialist helsetenesta. Dette skal

sikre at både den som blir ramma av alvorleg sjukdom og pårørende får god fagleg oppfølging og omsorg.

Tekst og foto: Malin Daae Steine

Tilbod om gratis kurs for unge bønder

Masfjorden Bondelag ønskjer å arbeide for betre rekruttering til landbruket i kommunen, og har avsett midlar til føremålet. Vi må motivere ungdomen til å gå inn i næringa, seier bondelagsmedlem Erik Kvinge. Som ein start tilbyr bondelaget å betale konferanseavgifta for masfjordingar under 30 år som vil delta på "No e' da min tur – ei framtid på bygda og i landbruket". Samlinga finn stad i Øystese 23. og 24. januar.

På konferansen i Øystese vil deltakarane treffe folk i same situasjon, og få høyre om mogelegheitene som finnes innafor landbruket, seier Kvinge. Dette vil vonleg gi påfyll, og stimulere interessa for å satse på landbruket i Masfjorden.

Meir om konferansen og påmelding:

<http://fylkesmannen.no/>

Påmeldingsfristen er sett til 10. desember.

Konferansen er sjølvstøtta og open for alle interesserte, men bondelaget har vald å avgrense støtta til personar under 30 år. Dei som vil nytte seg av tilbodet kan kontakte Hordaland Bondelag, tlf.55918880, E-post: hordaland@bondelaget.no.

Nærare spørsmål kan rettast til Erik Kvinge, tlf. 91308185.

Framhald siste side

Framhald frå forrige side :

Men det ikkje nok med berre konferanse. Vi må sjølvsagt følgje opp "her heime" òg, seier Kvinge. Han trur mykje av utfordringa ligg i å skape eit godt landbruksmiljø, både fagleg og sosialt. Her ønskjer bondelaget å medverke, og ser på samarbeid med andre landbruksorganisasjonar i kommunen som heilt naturleg. Masfjorden kommune vert også sett på som ein viktig samarbeidspart.

Dette klarer vi ikkje aleine. Vi må dra lasset saman, og finne fram til gode fellestiltak. Det vil gi det beste resultatet, meiner Kvinge, som trur det også kan være tenleg å tenkje regionalt samarbeid. Enkelte stader i Nordhordland har lukkast med å skape eit aktivt og godt landbruksmiljø. Her er det kanskje nyttige tips å plukke opp, avsluttar Kvinge.

Målet er at midlane som Masfjorden Bondelag har avsett, skal utløyse offentlege tilskotsmidlar, mellom anna til gode prosjekt og temasatsingar.

Tekst: Tore Henrik Øye

Masfjorden kyrkjelyd

Kyrkje- og prestekontor i kommunehuset: Tlf 56 16 62 00
Telefaks 56 16 62 01

Direktenumre:

Dagleg leiar for kyrkeleg fellestråd
(til vanleg onsdag og torsdag): 56 16 62 61

Diakoni- og undervisningsleiar (torsdag) 56 16 62 62

Sokneprest: 56 16 62 63

Bustadtelefon / mobiltelefon / e-post:

Sokneprest Knut Fr. Sørheim: Tlf 56 36 50 02 / Mob 996 42 575

E-post: sokneprest@masfjorden.kommune.no

Kyrkjeverje, Arnold Matre: Tlf 56 36 61 03 / Mob 924 69 274

E-post: arnold.matre@masfjorden.kommune.no

Organist Trond Fykse: Tlf 56 35 71 00 / Mob 990 03 270

E-post: trond.fykse@c2i.net

Diakoni- og undervisningsleiar Gunvor Fyllingsnes:
Tlf 56 35 32 55 / Mob 950 41 037

E-post: gunvor.fyllingsnes@masfjorden.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar Kolbjørn Reknes: Tlf 56 36 71 59 / Mob 990 27 121

E-post: kolbjorn.reknes@c2i.net

Leiar i fellestrådet Åse Marit Kalhovd: Tlf 56 36 61 87

Sandnes sokn:

Soknerådsleiar Ellen F. Andvik: Tlf 56 36 70 03

Klokkar/kyrkjetenar Sandnes kyrkje Ellen F. Andvik: Tlf 56 36 70 03

Klokkar/kyrkjetenar Granneheimen Eldbjørg Mjanger: Tlf 56 36 55 50

Solheim sokn:

Soknerådsleiar Tove Karin Molland: Tlf 53 51 32 01

Klokkar Tove Karin Molland: Tlf 53

51 32 01

Kyrkjetenar, kontaktperson: Marit Steinestø Tlf 56 36 61 70

Frøyset sokn:

Soknerådsleiar Anne Jorunn Lunde: Tlf 56 36 74 88

Klokkar Lovise Matre: Tlf 56 36 72 27

Kyrkjetenar Kolbjørn Reknes: Tlf 56 36 71 59

Fjon frå fjell til fjord

2008 er i handelen.

Sogeheftet inneheld som vanleg gammalt og nytt frå Masfjorden. Heftet kostar kr 80 er til sals i butikkane på Sandnes, Andvik, Kvinge og Haugsvær, hjå Sparebanken Vest på Hosteland og på kommunehuset.

Heftet vil bli selt på Nordbygda skulekorps si julemesse søndag 30 november, og kan elles bestillast på tlf. 56365119 eller 41610978.

"Masfjordingen" er eit meldingsblad for Masfjorden kommune og Frøyset, Sandnes og Solheim sokn. Bladet vert gjeve ut av sokna i samarbeid med kommunen. Redaksjonsnemnd for bladet er Gunvor Fyllingsnes, Frode Vee-Haugen og sokneprest Knut Fr. Sørheim. Formgjeving er ved Rune Garmann. Adressa til bladet er Masfjordingen, Masfjorden kommune, 5981 Masfjordnes. Postgiro 0532 12 85386